



L Hus AS  
Postboks 2403 Drotningstrik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/618 - 19/20245

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
27.09.2019

## Godkjenning - igangsettingsløyve for grunn-, terrengarbeid, legging av VA-leidningar, endringsløyve for senking av planeringshøgde ved oppføring av bustad med utleigedel - gbnr 27/166 Moldekleiv

### Administrativt vedtak. Saknr: 223/2019

**Tiltakshavar:** Alf Ove Andersen  
**Ansvarleg søker:** L Hus AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for delar av tiltaket: grunn-, terrengarbeid, legging av VA-leidningar i grunn på gbnr 27/166 Mildekleiv. Det er søkt samtidig om endring for planeringshøgde, den skal senkast med 0,5 meter.

Kommunen har i vedtak av 12.04.17 DS 103/2017 i sak 17/618 gjeve rammeløyve.

Ansvarleg søker er endra frå JMK Byggeteknikk Jørn Kirkegaard til L hus AS i samsvar med samtykke frå tiltakshavar datert 10.06.17.

Det vert elles vist til søknad om endring og igangsettingsløyve, motteken og supplert 27.09.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 19.08.19.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søker 06.09.19 og 27.09.19.

### Saksutgreiing:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

L hus AS har søkt igangsettingsløyve for delar av tiltak – grunn- og terrengarbeid, legging av VA-leidningar i grunn på gbnr 27/166 på Moldekleiv. Endringa av prosjektet vert delvis handsama her – senking av planert plate med 0,5 m, resten av endringa skal handsamast som eigen sak i sak 19/1606.

#### **Vurdering:**

##### **Planstatus**

Gbnr 27/166 er gjennom reguleringsendring for del av Moldekleivmarka utbyggingsområde (arealplanid 1256 1988 0003) avsett til byggjeområde for bustad. Reguleringsplanen for Moldekleiv blei opphavleg vedteke i 1980.

##### **Nabovarsling**

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21- 3 . Søknad om igangsettings løyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling. Endring av planeringshøgde-senking med 0,5 meter- råka ikkje naboar sine interesser.

##### **Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:**

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart datert 24.01.17 og teikningar godkjent saman med søknad om rammeløyve. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

##### **Ansvarsrettar**

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 2 dagsett 20.09.19, motteke 27.09.19 vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl kapittel 23.

##### **Vedtak:**

*«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for delar av tiltaket – grunn-, terrengarbeid, legging av VA-leidningar i grunn ved oppføring av bustad med utleigedel på gbnr 27/166 på Moldekleiv i samsvar med søknad med vedlegg motteke 09.09.19.*

*Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 b) endringsløyve for senking av planert plate med 0,5 m.*

*Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gjeve unntak.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 09.09.19, jf pbl § 23-3.*

*Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.*

*Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.*

Med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg godkjenner Meland kommune vidare at eigedommen gbnr 27/166 vert tilkopla kommunalt VA-anlegg påfølgjande vilkår, jf. søknad motteke 27.09.19:

1. Tilkoplinga for to bueiningar skjer på vilkår fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale i samsvar med situasjonsplan motteke 27.09.19.
2. Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
3. Tilkopling skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering.
4. Melding m/ dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkopling er utført.
5. Eventuell vassmålar installerast for tiltakshavar si rekning og med melding til kommunen.
6. Gebyr for tilkopling vert fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ for 2019 der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr. 20 000,- og for kloakk kr. 20 000,- pr. bueining + mva.  
Gebyr for høvesvis tilkopling til kommunalt VA-anlegg og kommunen si sakshandsaming vert ettersendt.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Ny søknad med div papirer Gnr.27 bnr.166 Frekhaug  
Søknad om igangsettingsløyve  
Følgeskriv  
Kart  
Melding om endring av ansvarsrett - erklæring om ansvarsrett  
Søknad om igangsettingstillatelse GBNR 27/166

**Kopi til:**

Alf Ove Andersen  
L Hus AS

Råkebakkane 13 5337  
Postboks 2403  
Drotningsvik

RONG

**Mottakarar:**

L Hus AS

Postboks 2403  
Drotningsvik